

ÅRSPLAN FOR AADLAND GARDS- OG FRILUFTSBARNEHAGE AS 2025-2026.



Visjonen vår: Ein skal ikkje plage andre, ein skal vere grei og snill, og for øvrig kan ein gjere kva ein vil (Kardemommelova).

Me vil gje barna mange og gode opplevingar i barnehagen. Skapa trygge, robuste, empatiske og sosiale barn.

Satsingsområda til barnehagen er: gardsdrift og dyr, friluftsliv og natur, kunst og drama.

Side 3: Vedtekter for barnehagen, forvaltning og foreldremedverknad, føremål og innhald.

Side 4: Opptaksmynde, klageinstans, rett til plass i bhg.

Side 5: Opptak, søknad og opptakskriterium.

Side 6: Krav til alder, ankeplass, opptak, oppseiing, permisjon, opningstid og ferie.

Side 7: Planleggingsdagar, foreldrebetaling, moderasjonsordningar, foreldrebetaling og gebyr.

Side 8: Leike og opphaldsareal og personalet sine plikter.

Side 9: Verdigrunnlaget til barnehagen, barn og barndom, demokrati.

Side 10: Mangfald og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, bærekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Side 11: Satsingsområda til barnehagen. Gardsdrift.

Side 12: Friluftsliv. Ospekleiva.

Side 13: Tryggleik i barnehagen.

Side 14: Trafikktryggleik.

Side 15: Formålet med og innhaldet i bhg, omsorg.

Side 16: Cos. Leik.

Side 17: Fremja danning. Læring.

Side 18: Vennskap og fellesskap, sosial kompetanse. Barnehagemiljø.

Side 19: Kommunikasjon og språk. Rekomp. Leseløftet.

Side 20: Snakkepakken, ASK, førskulegruppa.

Side 21: Barn sin medverknad.

Side 22: Samarbeid mellom heimen og barnehagen.

Side 23-24: Overgangar, overgangsrutiner barnehage-skule Samnanger kommune.

Side 25: Bhg. som pedagogisk verksemd, planlegging, årsplan, vurdering, dokumentasjon.

Side 26: Arbeidsmåttane til barnehagen.

Side 27: Progresjon. Digitale praksis. Fagområda til barnehagen.

Side 28: Komm., språk og tekst. Kropp, rørsle, mat og helse.

Side 29: Kunst, kultur og kreativitet.

Side 30: Natur, miljø og teknologi. Mengd, rom og form.

Side 31: Etikk, religion og filosofi. Nærmiljø og samfunn.

Side 32-33: Tilsette. Planleggingsdagar. Tema.

Barnehagen opna 02.08.1999. Den vart utvida 05.08.2003 med ei barnegruppe i løo.

Aldersgruppa i barnehagen er 1-6 år, med 30 plassar tilsaman. 18 plassar inne i huset og 12 plassar på løo.

VEDTEKTER FOR AADLAND GARDS- OG FRILUFTSBARNEHAGE.

§ 1 Forvaltning og foreldremedverknad.

§ 1.1 Eigar:

Aadland gards- og friluftsbarnhage er As.

§ 1.2 Forvaltningsansvaret:

Samnanger kommune har ansvaret for forvaltning og tilsyn med barnehagen. Barnehagen skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar med forskrift, rammeplan for barnehagen og årsplan for barnehagen.

§ 1.3 Foreldremedverknad:

Kvar barnhage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval, jf lov om barnehagar §4. Foreldrerådet er sett saman av foreldre/føresette til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremja fellesinteressene til foreldra og arbeida for at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet har rett til å uttala seg i saker som er viktige for foreldra sitt tilhøve til barnehagen.

Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er representert. Barnehagens eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Samarbeidsutvalet fastset årsplan for den pedagogiske verksemda.

§ 1.4 Internkontroll:

Barnehagen skal ha eit system for internkontroll i samsvar med forskrift om internkontroll og forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Frå 2021 nyttar barnehagen MENTOR som verktøy.

§ 2 FØREMÅL OG INNHALD. Jf lov om barnehagar § 2

§ 2.1 Innhald:

§ 2.1. Barnehagens innhold

«Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.

Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.

Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.

Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.

Departementet fastsetter nærmere regler om barnehagens innhold og oppgaver (rammeplan) ved forskrift.

Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten».

§ 2.2 Målform:

Målforma i barnehagen er nynorsk.

§ 3 OPPTAKSMYNDE

§ 3.1 Opptaksnemnd:

Rådmannen set ned ei nemnd som føretek opptak av barn til kommunale barnehagar. Nemnda skal vera sett saman av einingsleiarar for barnehagane og rådmannsnivået. I tråd LBH §17 skal nemnda gjennomføre eit samordna hovudopptak kvart år med private barnehagar. Likebehandling av barn og likebehandling av kommunale og private barnehagar skal sikrast. Rådmannsnivået er sekretær for opptaksnemnda. Private barnehagar med kommunalt driftstilskot skal ha felles opptak med kommunale barnehagar. Representant frå den private barnehagen er med i opptaksnemnda.

Klageinstans:

Samnanger kommune er klageinstans. Klagefristen er 3 veker frå søkjaren mottok melding.

§ 4 OPPTAK, SØKNAD OG OPPTAKSKRITERIUM

§ 4.1 Rett til plass i barnehage

«Barn som fyller ett år seinast innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen». (sitat LBH §16)

§ 4.2 Opptaksområde:

Barnehagen sitt opptaksområde er Samnanger kommune. Ved ledig kapasitet og i særskilte høve, kan barn frå andre kommunar få tildelt mellombels plass etter søknad og avtale med folkeregistrert kommune. Dette gjeld for inntil eitt barnehageår om gongen.

§ 4.3 Søknad og opptak:

Ved søknad om opptak skal søkjar nytta fastlagt skjema i Vigilo. Attestar må liggja ved når det er nødvendig. Søknadsfrist er 1. mars. Hovudopptaket skjer etter kunngjering i lokalavisa, og på kommunen si heimeside, og gjeld for barnehageåret som startar veke 32. Barn som ikkje får plass ved hovudopptaket, kan stå på venteliste ut barnehageåret. Barnehagen vil ha suppleringsopptak gjennom heile året dersom det er ledig plass. Styrar tildelar plass.

§ 4.4 Brukarane sine ønskjer:

Det skal leggjast stor vekt på brukarane sine ønskje og behov ved sjølve opptaket jf. LBH §17 første ledd innanfor kommunen sine rammer. Dersom det ikkje er ledige plassar i dei søkte barnehagane, kan kommunen tilby plass i ein annan barnehage.

§ 4.5 Plasstilbod:

Barnehagen gjev tilbod om plass 2, 3, 4, eller 5 dagar i veka. Barna har plassen fram til skulepliktig alder eller til plassen vert sagt opp. Ved eventuelle endring av behovet for opphaldstid eller ønskje om annan barnehage, må ein senda ny søknad. Det er samordna opptak. Dei som ved hovudopptak søker plass i ny barnehage mistar automatisk plassen i barnehagen dei går, når dei får ny plass i 1. prioritets barnehagen i vår opptakskrets. Søkjar kan ikkje halda på fleire plassar samtidig.

§ 4.6 Opptakskriterium:

Opptak vert gjort etter følgjande kriterium i prioritert rekkefølge:

Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage. Jf LBH §18

Prioritet ved opptak

1. Barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester § 4-12 og § 4-4 andre og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage. (jf LBH §18) .Denne prioriteten gjeld også for barn under 1 år. Dokumentasjon frå sakkunnig instans må stadfeste at barnet har nedsett funksjonsevne. Sakkunning instans er t d. lege, helsestasjon, PPT barnevernstenesta eller sosialkontor. Dokumentasjon bør ikkje vera eldre enn 3 månader frå søknaden vert sendt.
2. Barn frå familie som har store belastningar p.g.a, sjukdom eller funksjonshemming hos føresette eller søsken.
3. Barn av einslege forsyttarar som er i arbeid eller under utdanning.
4. Barn som har søsken som går i den ønska barnehagen ved oppstartdato.
5. Eldre barn går føre yngre barn under elles like tilhøve.

6. Omsyn til samansetjing av barnegruppa kan i enkelte høve føra til at yngre barn går føre eldre slik at gruppa vert velfungerande og har god spreiding i alder og kjønn. Dersom to eller fleire barn står likt ved vurdering, kan plassar fordelast ved loddtrekning.

§ 4.7 Krav til alder:

Opptak i barnehagar gjeld for barn i alderen 0-5 år. For å kunne søkja barnehageplass må barnet fylle 1 år før 31. desember i opptaksåret. Barnet som fyller 3 år i kalenderåret, tek opp 2 plassar til og med juli månad. Dei vert rekna som småbarn ut juli månad, jf. LBH§ 26

§ 4.8 Ankeplass:

Ein plass for barn frå 0 til og med 5 år skal vera open som ankeplass ved hovudopptaket om våren. Etter handsaming av ev. klager i opptaksnemnda, tildelast desse plassane i samsvar med § 4.7 i desse vedtektene.

§ 5 OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIINGSFRIST

§ 5.1 Opptak:

Opptak utanom hovudopptaket vert gjennomført etter kvart som det vert ledige plassar i løpet av året. Styrar i barnehagen kan ta opp barn som står på venteliste.

§ 5.2 Oppseiing:

Oppseiing av barnehageplass skal vera skriftleg, og skal sendast til barnehagen. Oppseiinga må som hovudregel vera komen til barnehagen innan den 1. i månaden før barnet sluttar. Dersom ein ønskjer å seia opp plassen til skuleslutt/ sommarferien, er oppseiingsfristen 1. april. Det vert kravt betaling for resten av barnehageåret dersom eit barn sluttar etter 1. mai.

§ 5.3 Permisjon:

Ein kan i særskilte høve søkja om permisjon og få betalingsfritak frå barnehagen. Det gjeld t.d. ved langvarig sjukdom, svangerskap o.a. Permisjonen vert avgrensa til barnehageåret. Styrar kan innvilga permisjon.

§ 6 OPNINGSTIDER OG FERIEAVVIKLING

§ 6.1 Opningstid:

Den daglege opningstida er frå kl. 7.00 til 16.30. Barnehagen er stengd helge- og høgtidsdagar og jule- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagen kl. 12.00.

I romjulsveka og påskeveka er det påmelding. Det må vera 5 barn for at barnehagen held ope.

§ 6.2 Ferie:

Barna tek ut 4 veker ferie kvart barnehageår.

Barnehagen er stengd 3 veker om sommaren (veke 29, 30 og 31). I veke 28 samarbeidar me med dei kommunale barnehagane viss det er behov. Er det 5 barn eller meir, er barnehagen open som vanleg på Ådland.

§ 6.3 Planleggingsdagar:

Barnehagepersonalet har 5 planleggings-/kursdagar i løpet av barnehageåret. Barnehagen er stengt desse dagane.

Planleggingsdagane reknast som den 5. ferieveka for barna.

§ 7 FORELDREBETALING

Kommunestyret fastset satsane for opphald i barnehagane etter nasjonale forskrifter. Satsane vert gjort gjeldande frå 1. januar kvart år. Betalingsfrist er den 20. kvar månad. Ved manglande betaling vert inkasso og oppseiing av plassen vurdert. Barnehagen vurderer kvar einskild sak særskilt.

§ 7.1 Syskenmoderasjon:

30% for barn nr. 2 og gratis for barn nr. 3. Dette gjeld også når søsken går i ulike barnehagar.

§ 7.2 Andre moderasjonsordningar:

Jamfør § 3c i forskrift om foreldrebetaling for barnehagar har familiar/ husstandar rett til å ikkje betala meir enn seks prosent av inntekta si for ein barnehageplass. Ordninga med redusert foreldrebetaling i barnehage er søknadsbasert. Det vil seia at familien/ husstanden kan søkja om redusert foreldrebetaling og, er ikkje noko ein får automatisk. Betalinga skal bereknast ut frå husstanden si samla skattepliktige kapital- og personinntekt. Det vert som hovudregel søkt for eit år om gangen. Informasjon til korleis ein søker i Vigilo ligg på Samnanger kommune sine heimesider, og søknader vert handsama i Vigilo av NAV Samnanger. Kommunen skal gje fritak for foreldrebetaling for 20 timar per veke til alle barn frå og med 1. august i det kalenderåret dei fyller to år og fram til skulestart, dersom:

- a. Husholdninga si samla inntekt i det siste året er lavare enn inntektsgrensa fastsett av Stortinget, eller
- b. det er ein varig nedgang i husholdninga si inntekt i innevarande år som gjer at husholdninga si inntekt er lavare enn inntektsgrensa fastsett av Stortinget.

§ 7.3 Foreldrebetaling:

Foreldrebetalinga er forskotsvis fordelt over 11 månader (01.08-30.06).

Barnehageåret går frå veke 32 t.o.m. veke 28, difor er det foreldrebetaling for ein heil månad i august, men ingen betaling i juli.

Når det er ledige plassar, kan barnehagen vurdera sal av einskilde dagar. Pris for einskilde dagar er høgare enn for fast opphaldstid.

§ 7.4 Overtidsgebyr:

Dersom eit barn ikkje vert henta innan barnehagen stenger, vert foreldre/føresette pålagt gebyr for kvar påbyrja time overtid. Storleiken på gebyret vert fastsett av kommunestyret. Det vil verta kravd gebyr kvar gong barnet vert henta for seint. Dersom det føreligg særskilde årsaker til at barnet vert henta for seint, kan styrar/ eiar vurdera om krav skal fremjast.

§ 8 LEIKE OG OPPHALDSAREAL

§ 8.1 Areal:

Barn over 3 år har rett på 4 m², barn under 3 år har rett på 5,33 m².

§ 8.2 Tal plassar i barnehagen:

Opptaksnemnda har høve å gjera om talet på plassar innanfor lova sit arealkrav og frå 0-3 år til 3-5 år og omvendt, dersom det er ledige plassar i ei aldersgruppe og venteliste i den andre aldersgruppa. Barn under 3 år opptek to plassar ut juli månad kalenderåret dei fyller 3 år jf LBH § 26.

§ 9 PERSONALET SINE PLIKTER.

§ 9.1 Avgjerdsmynde når barn er sjuke:

Styrar/ pedagogisk leiar i barnehagen avgjer om eit barn pga. sjukdom mellombels ikkje kan vera i barnehagen. Det kan vera av omsyn til barnet sjølv og dei andre barna. Går det lengre tid enn 1 veke, må slik avgjerd takast av lækjar.

Barn må vera heime 48 timar etter dei er symptomfrie frå spyting/oppkast og diare.

24 timar heime etter at dei har hatt feber. Dette pga. smittefare.

§ 9.2 Varslingsplikt:

Styrar har ansvar for å varsle lækjar og/eller foreldre/føresette om ulykker, sjukdom og mistanke om epidemiar.

Barn som står i fare for å utvikla eller forverra ei funksjonshemming, skal styrar i forståing med foreldre/føresette melda til helsestasjon eller PPT.

Er det grunn til å tru at det finn stad barnemishandling, omsorgssvikt eller om eit barn utviklar vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, skal personalet av eige tiltak, og utan hinder av teieplikta melda dette til kommunelege 1, eller til kommunen si barnevernteneste.

Barnehagepersonalet har også opplysningsplikt til sosialtenesta og barneverntenesta, jfr. LBH §§ 45-46 og Lov om barneverntenester.

§ 9.3 Teieplikt:

Medlemmer i opptaksnemnda, samarbeidsutvalet, tilsette i administrasjonen og i barnehagane har teieplikt om saker dei vert kjende med i tenesta, jf LBH § 44 og forvaltningslova §§13 a-f.

§ 9.4 Registreringsplikt:

I samband med innføringa av kontantstønad til småbarnsforeldre, har barnehagen plikt til å føra register over barna si avtala opphaldstid i barnehagane. Barnehagen har som eigar opplysningsplikt til NAV Jf LBH §§ 10 fjerde ledd.

§ 9.5 Aktivitetplikt:

Alle som arbeider i barnehage skal melda frå til styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Styrar skal melda frå til barnehageeigar i alvorlege tilfelle jf. LBH § 42.

VERDIGRUNNLAGET TIL BARNEHAGEN.

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

Det går fram av barnehagelova §1 at barnehagen skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet – verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane (Rammeplanen s.7).

Barn og barndom.

Å bidra til at alle barn som går i barnehage får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og lek, er fundamentalt.

Alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn, jf. Grunnlova §104 og barnekonvensjonen art.3 nr.1. Det er eit overordna prinsipp som gjeld for all barnehageverksemd (Rammeplanen s.8).

Demokrati.

Meir mangfald og individualisering gir behov for demokratiforståing, respekt for ulikskapar og positive haldningar til å leve saman i fellesskap. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av (Rammeplanen s.8).



Mangfald og gjensidig respekt.

Barnehagen skal fremja respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskapet (Rammeplanen s.9).

Likestilling og likeverd.

Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet, etnisitet, kultur, sosial status, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik (Rammeplanen s. 10).

Bærekraftig utvikling.

Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Bærekraftig utvikling handlar om at menneske som lever i dag, får dekt dei grunnleggjande behova sine utan å øydeleggje framtidige generasjonar sin sjanse til å få dekt sine behov. Det handlar om å tenkja og handle lokalt, nasjonalt og globalt. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida (Rammeplanen s.10). Barna skal få naturopplevingar og bli kjende med mangfaldet i naturen, og barnehagen skal bidra til at barna opplever tilhørslse til naturen (Rammeplanen s.11).

Livsmeistring og helse.

Barns fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp. Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Barna skal få ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen. Barnehagen skal vera ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna (Rammeplanen s.11).



SATSINGSOMRÅDA TIL AADLAND GARDS- OG FRILUFTSBARNEHAGE.

Gardsdrifta og dyra våre er ein grunnleggjande del av barnehagen. I barnehagen vår vektlegg me at barna skal ha kontakt med dyr. Me har ein fjording, ein ponni, kattar, høner, ein minigris og mange sauer. Kvar dag går ein vaksen og 3-4 barn i fjøset og gjer heile stellet. Me gjev mjøl, silo, høy, bytter vatn, måkar og kosar med dyra. Barna lærer etter kvart at dyra treng respekt, og barna vil forholde seg til dei på ein naturleg måte. Frå barna er 2 år er dei med på fjøsstellet, men alle er jo med på besøk fjøsen. Barna blir då kjente og trygge på dyra og får oppleva dagleg kontakt med dyra på garden.



Det å ha dyr gjev oss ei unik moglegheit til å forstå kva nytte me har av dyra. Dei kan gje oss mat av ulike slag og ull/pels kan brukast som formingsmateriell eller til produksjon av klede. Barna vil også få eit naturleg forhold til liv og død. Dei er med på lemning(nytt liv)-sjølv om det av og til går gale og nokre av lamma døyr. Elles prøver me å ta barna med på ulike aktivitetar som skal gjerast på garden t.d. rydding av kvistar, hesjing, setja opp gjerde og liknande.



I kjøkkenhagen vår sår me om våren og prøver å dyrka fram eigne grønnsaker. Det er spanande for barna å sjå korleis eit frø kan veksa til grønnsaker eller flotte blomstrar. Kva må me gjera for å få det til å veksa og gro? Me vatnar, plukkar ugras og tilslutt lagar me mat av avlinga. Om hausten plukkar me eple og plommer.

Friluftsliv er eit anna av satsingsområda våre. Me er heldige å ha skog og sjø rett ved barnehagen. Me har mange flotte og ulike turmål i nærområde, og det er lett å tilpassa turane til små eller store, sol, regn, snø, sprek tur eller utforskingstur. Det er ikkje eit mål å gå lengst mogleg eller å finna nye turmål kvar gong. Det kan vera lika spanande å oppsøkje dei same plassane igjen og igjen. Me følgjer dei ulike plassane gjennom dei ulike årstidene.



I barnehagen vår har me også husmannsplassen Ospekleiva. Ospekleiva ligg ca. 30 minutt frå barnehagen. Her er det eit «hovudhus» og mange småhus t.d. geithus, snikkarbod, kvernhus og utedo. Me har til og med ein trollfamilie som bur her og dei har «snopefabrikk» i kvernhuset. Ospekleiva har fantastisk flott utsikt og ein spanande og litt utfordrande tur for dei fleste barna. Ofte er det dei eldste barna som går opp her, men iløpet av barnehagetida får alle besøka Ospekleiva. Om våren har me overnattingsturar med 5- og 6 åringane, då skjer det mykje spanande. Lesestund med eventyrmannen, grilling, dogåing på utedoen, pussa tennene i bekken, bading i elva, skattejakt og besøk av trolla.



Me trur på at det beste for barna er eit variert og utfordrande miljø som me finn i naturen. Me har berre 3 sandkassar på uteområdet vårt.

Naturen stimulerer til lek og den motoriske utviklinga skjer raskt i slike omgjevnadar. Her finst det utfordringar for alle. Studiar viser at barn som leikar ute i naturen får betre koordinasjon, betre muskelstyrke og betre balanse enn barn som leikar på tradisjonelle leikeplassar. Når barna er i naturen, får opplevingar, kjennskap og kunnskap, utviklar barna også viktige verdiar og holdningar. Eit nært forhold til naturen kan gje barna indre motivasjon til å ynskja å verna om den i framtida.

Tryggleik i barnehagen.

”Ingen oppdagar at ein stein er glatt før dei har sklidd på den”

Barn lærer av erfaring. På uteområdet vårt er det utfordringar for store og små.

Me har avgrensa området med blåe tau, der barna ikkje får gå utanom.

Dei vaksne i barnehagen veit alltid kor mange barn som er i barnehagen, og me tel barna mange gongar for dagen.

Når me går på gangvegen langs hovudvegen, held barna kvarandre i hendene. Det går alltid ein vaksen først, ein i midten og ein bakerst når me går på tur.

Rundt eigedomen er det gjerde og portar.

Personalet tek førstehjelpskurs kvar haust.

Me tar livredningskurs anna kvart år.

Brannøving har me 2 gongar med barna i løpet av eit barnehageår. Personalet har også egne brannøvingar.



Plan for trafikktryggleik i Aadland gards- og friluftsbarnehage As.

Barnehagen ligg i nærleiken av fylkesveg 49 på Ådland i Samnanger. Vegen har stor trafikk. Barna i barnehagen er ute mykje av dagen. Me må kryssa riksveg 49 ofte, for eksempel for å koma oss ned til fjæra og nausta, eit område som me brukar mykje i barnehagen. Barnehagen må også kryssa vegen for å koma til det tilrettelagde området på Neset.

Trafikkopplæringa i barnehagen er integrert som ein del av omsorgs- og opplæringsarbeidet.

Trafikktryggleik på tur.

Alle tilsette i barnehagen kjenner rutinane for handtering av uventa faresituasjonar og hendingar på tur.

Me brukar hms systemet til pbl-mentor. Her er det ulike rutiner t.d. sikkerhet på tur, sikkerhet på tur i bil og buss, trafikksikkerhet i barnehagen (sjå vedlegg).

Me har alltid hatt reglar når me går langs vegen. 1 vaksen først, 1 i midten og 1 bakerst. Alle barna må halde hender.

Trafikktryggleik går personalet gjennom kvar haust på den første planleggingsdagen.

Bruk av drosje, buss og personbil.

Barnehagen vår stiller krav til busselskap og drosjar om belte og trafikksikker atferd når me kjøper transporttenester.

Me får ein skrifteleg tillatelse frå foreldre i forhold til bruk av all motorisert transport av barna i barnehagetida.



Trafikkopplæring med dei eldste barna.

Me har trafikkopplæring i barnehagen. Der lærer me barna trafikkreglane for fotgjengarar, at me må bruka sansane våre i trafikken, sjå og lytte. Alle må bruka bilbelte, sykkelhjelm og refleks. Me har fokus på bruk av refleks kvar haust og ofte får barna refleks i barnehagen.

Samarbeid mellom barnehagen og heim.

På foreldremøte om hausten tar me opp trafikksikkerhet med foreldra. Me informerer foreldra om parkeringsplassen, lurt å rygge inn. Dei må bruke parkeingsplassen til barnehagen, ikkje parkere på kyrkjeplassen og krysse vegen. Foreldra må halde barna i honda når dei går langs vegen. Portane inn til barnehagen skal alltid vera igjen. Me oppfordrar foreldra til å sikre barna på veg til og frå barnehagen.

Gode rollemodellar.

Me vaksne rundt barna skal vera gode rollemodellar. Trafikktryggleik er jevnlig tema på foreldremøter og personalmøter. Me snakkar om trafikk og tryggleik når me går på tur med barna og lærer dei ulike ting om temaet.

FORMÅLET MED OG INNHALDET I BARNEHAGEN.

Innhaldet i barnehagen skal vera allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna (Rammeplanen s.19).

Omsorg.

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre(Rammeplanen s.19).

Barn skal møtast med omsorg. Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytta, nærleik, innleving og evne og vilje til samspel. Omsorg skal prega alle situasjonane i kvardagslivet og koma til uttrykk når barna leikar og lærer, i stell, ved måltid og påkledning. Omsorg har verdi i seg sjølv.

Personalet jobbar aktivt med relasjonsbygging, positive relasjonar både mellom vaksne og barn og barna seg imellom. Dette gjev eit godt grunnlag for trivsel, glede og meistring. Me som vaksne i barnehagen må vita at me er viktige rollemodellar. Me legg vekt på å lære barna å utvikla evne til å visa omtanke, ta omsyn til kvarandre, bry seg om andre og ha det kjekt ilag.



Cos-Circle of Security-Tryggleikssirkelen.

Me brukar denne tilknytningsmodellen i arbeidet vårt i barnehagekvardagen. Denne hjelper oss med å forstå barnas signaler betre, slik at me kan møte barna sine behov betre, både i gode og i vanskelege følelser. Me skal prøva å sjå barnet innanifrå, og ved å forstå og møte barna på best mogeleg måte vil dette gjer dei psykisk betre rusta for livet.

Me vaksne skal vera barnas trygge base og sikre havn. Det vil seia at barna kan koma til oss for å få trøst, støtte og hjelp på vegen i å utforske verda, me skal fysisk passe på og beskytte dei. Av og til er det nok å berre få sitte på eit fang og observera dei andre barna i nokre minutt til barnet føler seg trygg nok på å utforska sjølv, andre gongar tek det lengre tid, og den vaksne støttar barnet med både gode ord og fine blikk undervegs.

At barna kjenner seg trygge i barnehagen er noko av det viktigaste me jobbar med i barnehagen, å bygga gode relasjonar mellom barn og vaksne, spesielt ved tilvenning av nye barn. Når barna er trygge, kan dei utvikla seg ved å utforska, leika og læra.

Leik.

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast (Rammeplanen s. 20).

Leiken skal vera ein frivillig aktivitet som barnet velg sjølv utan vaksenstyring. Me som vaksne må tilretteleggja for variert leikemiljø og utstyr, tid til å leika og gje moglegheitar til vidare utvikling av leiken. Har nokon barn problem med å få innpass i leiken, må me som vaksne gå inn og observera, analysera, støtta og delta i leiken på barna sine premisser. Her jobbar me bevisst med inndeling av grupper, slik at alle kan føla seg inkludert, og utforska nye vennskap. Me brukar blant anna noko me kallar «posegrupper». Leik er ein stor og viktig del av barna sitt liv. Leiken har mange uttrykksformer og kan føra til forståing og vennskap på tvers av alder og språklege og kulturelle ulikskapar.

Uteleik og uteaktivitet er ein viktig del av barnekulturen som ein må ta vare på.

Av erfaringar barnehagen vår har gjort, er naturen ein viktig arena for barn. Den har eit svært rikt leikemiljø, som fører til utvikling av fantasi, utforsking og den innbyr til rolleleik.

I vår barnehage synest me det er svært viktig å vera mykje ute fordi det gjev :

- opplevingar og oppdagingar
- utfordringar og meistring
- noko å snakka om
- noko å vera saman om
- noko å ta vare på
- fysisk og motorisk utvikling
- bruk av alle sansane
- spenning



- meir kunnskap om natur, som fører til at ein viser meir omsyn til naturen

Fremja danning.

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet (Rammeplanen s.21).

Me jobbar med psykisk helse i barnehagane. Grønne tankar- glade barn er eit psykopedagogisk materiell som har til hensikt å stimulera barn sin tanke og følelsesbevissthet. Materialet i pakken er ein veileidar for oss vaksne. Flippover til bruk med barna om ulike følelsar og situasjonar, og ei bok som heiter sint og glad i barnehagen til bruk i t.d. samlingsstund i barnehagen. To bamsar, ein grøn og ein raud.

Når me opplever noko som er vanskeleg, er det viktig å kunna snakka til oss sjølv på ein måte som hjelper. Grønne tankar- glade barn er eit nyttig hjelpemiddel for den som skal trenar på gode indre samtalar. Gjennom å bli bevisst på korleis ein tenkjer og kva ein tenkjer, kan ein påverke sitt eige humør og av og til ta bedre val. Ein raud og ein grøn bamse skal hjelpe barna til å læra seg å forhalda seg konstruktivt til sine egne tankar. Tankar som skapar vanskar kallast raude tankar. Tankar som skapar glede kallas grønne tankar. Tenkebamsane skal hjelpe barna til å snakke om ulike tankar og følelsar, for alle følelsar er lov, men me må prøva å finna måtar som hjelper oss i ulike situasjonar.

Læring.

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysten til å leike, utforske, lære og meiste (Rammeplanen s. 22).

Barn er nysgjerrige, kunnskapstørste og lærelystne. Dette skal barnehagen støtta og bidra til eit læringsfellesskap der barna får bidra i eiga og andre si læring.

Me tilsatte i barnehagen er opptatt av at barna får vera med på mykje ulikt og høyra om mange ulike ting. Me lagar ein temaplan for året der me har ulike tema frå år til år. Me tar utgangspunkt i barna sine interesser, undersøker, stiller spørsmål og finn svar.

Det er svært viktig med engasjerte og positive vaksne, dette smittar over på barna.

Læring er prega av kvaliteten på samspelet mellom barna og personalet, der dei vaksne modellerer det dei ønskjer å lære ungane.

Ros er viktig for å utvikla heile barnet, men det må vere konstruktiv ros som barnet kjenner er ekte og genuin.

Personalet skal arbeida for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset barna sine egne omsorgshandlingar.

Vennskap og fellesskap / sosial kompetanse.

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel (Rammeplanen s.22).

Det handlar om å kunna samhandla positivt med andre i ulike situasjonar. Denne kompetansen får barn i samspel med kvarandre og vaksne.

Det skjer i alle situasjonar i løpet av dagen. Me må i barnehagen leggja opp til gode kjenslemessige opplevingar. Glede og humor er viktig.

Me må visa at me bryr oss om kvarandre, både vaksne og barna.

Opplevingar av eigenverd og meistring, leik med barn på same alder og tilhøyrse i eit positivt fellesskap skal prega barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barn blir trygge på og stolte over si eiga tilhøyrse og får respekt for andre kulturelle verdiar og ytringar.

Me vaksne må hugsa på at me er rollemodellar for barna, og at me bidrar gjennom eigen veremåte til at barna lærer sosiale dugleikar. Eit aktivt og tydeleg personale er nødvendig for å skapa eit varmt og inkluderande sosialt miljø.

Personalet skal og førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelmønster (Rammeplanen s.23).

Barnehagemiljø.

Frå 1. januar 2021 fekk barnehagen eit nytt regelverk for barnehagemiljø. Alle barn har rett til eit trygt og godt barnehagemiljø og den nye lova skal sørgja for at dette skjer. Barnehagen skal arbeida førebyggjande og kontinuerleg for å fremja helsa, trivnaden, leiken og læringa til barna og hindra og gripa inn mot krenkingar. Når eit barn eller foreldre seier at barnet ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøkje saka og så langt det finst eigna tiltak, sørgja for eit trygt og godt barnehagemiljø.

Barnehagen si aktivitetsplikt: Alle som arbeidar i barnehagen må følgja med på at barna har det bra. Om ein vaksen i barnehagen får vita om, eller får mistanke om at eit barn blir utsett for krenkingar, skal dei gripa inn, undersøkje saka og setja inn tiltak som gjer at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø.

- Plikt til å følgja med.
- Plikt til å gripa inn.
- Plikt til å varsla.
- Plikt til å undersøkje.
- Plikt til å setja inn tiltak.

Godt barnehagemiljø. Handlingsrutinar mot mobbing og Mentor er nokon av verktøya me brukar i dette arbeidet.

Kommunikasjon og språk.

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape meining (Rammeplanen s.23).

Barn tileignar seg dei grunnleggjande språklege ferdighetane i løpet av førskulealderen. Barna si eigen interesse og nysgjerrigheit er den viktigaste drivkrafta bak språkutviklinga. Alle aktivitetar som barna deltar i med engasjement og interesse, vil fremja den læringa. God kontakt mellom barn og vaksne er avgjerande for barna si språkutvikling. Både den nonverbale (kroppsspråket) og den verbale kommunikasjonen er viktig. Å få varierte og rike erfaringar er avgjerande for å forstå ulike begrep og utvikla eit godt språk. Å samtala om opplevingar, tankar og kjensler er nødvendig for utvikling av eit rikt og variert språk.

Rekomp:

Me skal vera med på regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage (Rekomp). I januar 2025 startar barnehagen på eit utviklingsarbeid om språk i samarbeid med Høgskulen på Vestland. Me vil bli enno betre språkmodellar. Personalet ynskjer å læra meir om barn si språkutvikling og utvikla språkleg bevisstheit. Me ynskjer å få tips og gode verktøy til aktivitetar knytt til temaet. Dette prosjektet skal me jobbe med i to år.

Leseløftet:

Samnanger kommune har gjort vedtak om å verta ”best i lesing” i Hordaland.

Barnehagane skal:

- sjå til at det vert oppnemnt ein ansvarleg for gjennomføringa av Leseløftet(leseombod) ved kvar eining.
- informera foreldre om Leseløftet og korleis barnehagen arbeider med det.
- samarbeida med folkebiblioteket om depot av bøker og utlån til foreldre.
- leggja til rette for gode overgangar mellom barnehagen og skulen.
- samarbeida med barneskulen om overgang for barn med spesielle behov.
- samarbeida med 4.klasselærar om høgtlesing i barnehagen.
- samarbeida med foreldre/føresette om leserelaterte tema.
- invitera folk utanfrå til å gi barna leseopplevingar(elevar, pensjonistar, DKB, kulturarbeidarar o.a).

Pedagogar og assistentar i barnehage/skule skal:

- vera medvitne om at leseopplæringa begynner i barnehagen og held fram på alle klassesteg i skulen.
- prioritera lesing i alle fag på skulen.
- fanga opp elevar med spesielle behov tidleg og søkja hjelp frå PPT når det er naudsynt.

- jamleg snakka med barna om kor viktig lesing er for skulegang, yrkesliv og i dagleglivet.
- motivera barna til å lesa mykje.
- gje barna gode opplevingar med lesing.
- vera gode rollemodellar - t.d. snakka om kva dei les.
- lesa mykje for barna.

Leseløftet skal vera ein integrert del av det daglege livet i barnehagen.

Sjå www.samnanger.kommune.no for heile planen.

Snakkepakken:

Er eit språkutviklingsverktøy som blir brukt i alle barnehagane i Samnanger.

Snakkepakken er meint å vere eit verktøy for å styrkja barn med eit anna morsmål enn norsk, men alle barn, uansett språkferdigheter, vil ha nytte av Snakkepakken.

Snakkepakken er ein kasse som er basert på 7 område: Mat, kropp, kle, hus, dyr, fargar, eventyr og songar.

I kassen finn ein ting ein kan bruka i samlinga når ein t.d. har ulike eventyr, tips til utstyr, songar og liknande.

Tanken med Snakkepakken er å gje dei vaksne eit pedagogisk verktøy der dei kan bruka innhaldet til å skapa motivasjon og lystbetont bruk av språket. Målet er at barna skal forstå og etter kvart klara å bruka språket aktivt i ulike situasjonar.

ASK.

Barn, unge og vaksne som heilt eller delvis manglar tale, kan ha behov for alternative kommunikasjonsformer som erstattar talen fullstendig. Dette kallast alternativ kommunikasjon. Andre treng kommunikasjonsformer som støtter utydeleg, forsinka eller svak tale. ASK er alt som hjelper ein person til å kommunisera effektivt når tradisjonelle måtar å kommunisera på ikkje er nok.

Eksempel på ASK er bruk av handtegn, fotografi, grafiske symbol og fysiske gjenstandar.

Personalet i barnehagen har vore på kurs om ASK og me jobbar med dette i barnehagekvardagen. I barnehagen har me hovudfokus på bruk av bilete (fotografi og grafiske symbol), men me jobbar og med nokon handtegn.

Førskulegruppa.

Det siste året i barnehagen har barna førskulegruppe ein gong i veka. Barnehagane i Samnanger kommune brukar boka «Trampoline». Denne boka gir barna ei felles kunnskapsmessig plattform innan ulike tema dei vil møte i skulen.

I førskulegruppa vil me gje barna eit godt grunnlag og motivasjon til å byrja på skulen. Me legg vekt på å utvikla både kunnskapar og ferdigheiter som kan vera nyttige å ha med seg, og derav lett overgangen frå barnehage til skule.

I førskulegruppa har me fokus på enkeltbarnet og fellesskapet. Det er viktig at barn har trua på

seg sjølv- EG KAN! Det er òg viktig for barn å føle at dei er ein viktig del av eit fellesskap og at dei kan bidra med sine meiningar, synspunkt, kunnskapar og ferdigheiter.

Me øver på sosiale ferdigheiter, sjølvstendigheit, konsentrasjon, meistring, ansvar og motoriske ferdigheiter.

Dette gjer me gjennom å:

- Venta på tur
- Rekkja opp handa
- Lytta når andre snakkar
- Snakka framfor dei andre barna
- Ta imot felles beskjedar og utføra
- Hjelpa seg sjølv og andre
- Ha toleranse overfor dei andre
- Ta hensyn til andre
- Finmotoriske oppgåver som blyantgrep og klypping
- Ha «kontroll» i permen sin
- Øva seg på å sitja i ro og konsentrera seg i korte perioder
- Vera sjølvstendige på do
- Vaska seg på hender før mat og etter toalettbesøk

I førskulegruppa jobbar me med boka Trampoline. Me måler, klypper, limer, teiknar, me spelar spel, har rollespel, regelleikar, rim og regler, syng, les bøker, gjenfortel det me har lese, teiknar det me har lese, har rollespel av eventyr, bokstavjakt, talljakt og øver på å skrive namnet sitt og mange andre kjekke aktivitetar.

BARN SIN MEDVERKNAD.

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggja til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §§1 og 3. Grunnlova §104 og FNs barnekonvensjon art.12 nr.1 (Rammeplanen s.27).

Barn skal jamleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd. Barna sine synspunkt skal tilleggst vekt i samsvar med alder og modning. Dei må oppmuntrast aktivt til å gje uttrykk for tankane og meiningane sine og verta møtt med velvilje. Barn sin rett til medverknad krev tid og rom til å lytta og samtala. Me vil jobba med å vera tydlege og ansvarsfulle vaksne som tar omsyn til barna sine ynskje.

Dette vil me gjera gjennom :

- Samlingsstund. I samlingsstunda vil me at barna skal utvikla seg på fleire områder. Gjennom song, forteljingar og samtalar kan me lære barna å uttrykkje seg i eit større fellesskap og få vera aktivt med å koma med innspel.
- Barnemøte. I forkant av kvart personalmøte har me eit barnemøte med dei eldste barna. Her gjer med dei moglegheit til å gje tilbakemeldingar og uttrykkje seg om dei ulike tema me har. Me brukar også barnemøte til å reflektera over kva me har lyst til å gjera og lære meir om i barnehagen.
- Intervju. Me utfører barneintervju før foreldresamtalar, og kvar vinter og sommar i samband med avisa vår. Dette er ein del av vår pedagogiske dokumentasjon. Barna kan gje uttrykk for

kva dei har lært, kva dei synest var kjekt og kva dei eventuelt vil gjera meir av eller kva dei ikkje likar.

- Vera gode rollemodellar. Personalet er bevisst i forhold til korleis me snakkar med barna og med kvarandre. Me viser at barna sine synspunkt er viktige gjennom å vera tilstadeverande vaksne og aktivt lyttande.

- Samtale i kvardagen. Kva har de lyst å gjera i dag? Kor vil de gå på tur ?

SAMARBEID MELLOM HEIMEN OG BARNEHAGEN.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barns behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova §1.

Barnehagen skal leggja til rette for foreldresamarbeidet og ha god dialog med foreldre (Rammeplanen s.29).

Samarbeid mellom foreldre og personalet er viktig og ein sjølvstendig del av barnehagen sitt arbeid. Me ynskjer god kontakt med alle foreldre og håpar at alle vil trivast og kjenna seg heime i barnehagen. Foreldre kjenner sjølv barnet sitt best.

Alle barn er ulike med ulike behov og føresetnader. Me i barnehagen ynskjer å byggja vidare på det positive hos kvart enkelt barn og gje barna gode utviklings- og aktivitetsmogleghetar i nær forståing med foreldre.

For å få til eit best mogeleg foreldresamarbeid:

- tek personalet imot barna og dei vaksne i garderoben, gjev informasjon til foreldre munnleg og ved visse tilfeller skriftleg

- foreldremøte for nye barn kvart år i juni

- foreldremøte for alle om hausten

- tilbod om foreldresamtalar for nye barn om hausten

- låvefest før jul

- foreldresamtalar for alle i mars

- foreldrekaffi på låven, ute eller i grillhytta

- ettermiddagstur med grilling på Ospekleiva om hausten

- open dialog med positive og negative tilbakemeldingar

- månadsplan, slik at foreldre kan vita kva tema me har og kva me driv på med den månaden

- dugnad på vårparten

- kunstutstilling i juni for familie og venner

OVERGANGAR.

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og leggja til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen (Rammeplanen s.33).

Når barnet begynner i barnehage:

- besøksdag før oppstart
- ulike skjema til foreldre t.d.info om barnet slik at me får vite litt om det
- snakka med foreldra om oppstarten, kva er best for barnet
- roleg oppstart, litt kortare dagar i begynnelsen
- informera nye foreldre godt
- ein vaksen har ansvar for det nye barnet
- skapa ein trygg atmosfære både for barn og foreldre

Overgangar i barnehagen

- ta barna som skal begynne på løa med på turar o.l. før oppstart om hausten
- barna kjem på besøk på løa

OVERGANGSRUTINAR I SAMNANGER KOMMUNE

Mål:

Overgangar mellom barnehage - barneskule og barneskule - ungdomstrinn

skal opplevast som føreseieleg og trygg for borna/elevane. Borna/elevane skal oppleve eit heilskapleg opplæringsløp. Trygga føresette i rolla som foreldre i overgangar. God informasjon til både tilsette og føresette.

OVERGANG BARNEHAGE - BARNESKULEN

TID	TILTAK	MERKNAD	ANSVAR
Juni (året forut)	Kartlegga ressurs- behov for ny 1.kl. Er det born det bør vurderast utsett skulestart for eller tidleg skulestart? Flyktningborn eller fleirspråklege	I budsjettprosessen Samarbeid med PPT I tråd med lovverket Tilpassing og inkludering, kartlegga behov	Rektor SBS/ bhg.styrrar/ bhg/skule eigar Styrrar bhg. Styrrar bhg.
September (året forut)	Samtykke frå føresette	Samtykkeskjema for informasjon mellom barnehage og skule	Styrrar bhg
Oktober (året forut)	Skaffe lister frå folkeregisteret	Få oversikt over born som skal skrivast inn	Leiinga på kommunen

November/d esember (året forut)	Senda ut skjema for innskriving Annonse på Kommunetorget/ Samningen	Eige informasjonsskriv til føresette samt skjema for innskriving. Frist for innskriving: 10.desember året før skulestart. Registrera føresette i Transponder	Rektor/avdelingsleiar
Januar/ februar	Felles informasjon til alle førestte. Informasjon til føresette om førskuleopplegg i bhg	Bhg har eit felles utgangspunkt for samtale/møte med føresette	Styrar bhg
Mars	Lage klasselister	Dela born i ev to grupper/klasser med hjelp av bhg tilsette (evt.PPT)	Rektor/avdelingsleiar
Mai/juni	Førskuledag Eige informasjonsskriv ut i byrjinga på mai.	Borna blir invitert til ein førskuledag saman med foreldre. Borna får helsa på fadrane sine, samt lærarar/fagarbeidarar. Rektor/Sfo leiar har eit informasjonsmøte med føresette i deler av den tida borna er på førskuledag.	SFO- leiar/rektor/avdelingsleiar ontaktlærarar for dei nye førsteklassingane.
Mai	Bli-kjent tur til Hagabotnane	Alle barnehagane	Dråpeslottet
Juni	Barnehagane inviterer kommande 1.kl lærar til førskuleklubb i barnehagen.	1. klasse lærar får innblikk i arbeidet til førskulegruppa.	Styrar
Juni	Bli kjent tur for alle 6- åringar til Sætervika. Obs. born som ikkje går i bhg.	Gjeld alle barnehagane. Ønskjer å få til at nye 1.kl.lærarar er med.	Gårdsbhg.
Juni	Tilbod om foreldresamtale m/ kontaktlærar.	«Utviklingssamtale/Bli kjent samtale» (ved ønskje frå føresette) • Trygge sårbare/utrygge born. • Trygge nye foreldre	Nye kontaktlærarar for førsteklassingane/ avdelingsleiar
Sommar	Brev til elevane	Lage til eit velkomen til skulestart brev. Informasjon om skyss, parkering, oppmøte 1.dag samt ei helsing frå faddergruppa	
Aug.	1.skuledag	Mottaking av 1. klasse	Rektor og avdelingsleiar

Fadderordninga: Borna får ikkje ein faddar, men blir med i ei gruppe. Til dømes to born frå 1.klasse saman med to fadrar. Dette for å sikre at alle får nokre dei er kjent med på skulen til hausten.

Rev. Ped. Forum 23.jan.2021

BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD.

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen (Rammeplanen s. 37).

Planlegging:

Planlegginga i barnehagen er basert på kunnskap om trivselen til barn og utviklinga deira både individuelt og i gruppa. Me observerer, dokumenterer, reflekterer, vurderer og snakkar med barn og foreldre kontinuerleg. Kvar månad har me personalmøte for heile personalet i barnehagen, der me planlegg, vurderer og dokumenterer.

Årsplan:

Barnehagen skal utarbeide ein årsplan (Rammeplanen s.37). Dette er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og den dokumenterer barnehagen sine val og grunngivingane. Den skal godkjennast av barnehagen sitt samarbeidsutval kvart år.

Vurdering:

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen (Rammeplanen s.38).

På personalmøta vurderer og reflekterer heile personalet over det pedagogiske arbeidet me gjer i barnehagen. Me prøver å finna eit godt utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring og oppsummerer alltid månaden som har gått.

Dokumentasjon:

Personalet vurderer og dokumenterer arbeidet sitt gjennom heile året for å utvikla eit godt og trygt læringsmiljø for barna.

Dette vert gjort slik:

- På personalmøte som er ein gong i månaden, der me evaluerer månaden som er gått.
- Me nyttar observasjon og ulike observasjonsmateriell.
- Tras.
- Askeladden.
- Barnesamtalar og evaluering med barna.
- Medarbeidersamtalar to gongar i året.
- Foreldresamtalar.
- Avis til foreldre/barn to gongar i året.
- Månadsplan.

- Barnehagebilde gjennom året.

Barnehagen skal sørge for at barn som får spesialpedagogisk hjelp, blir inkludert i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbudet (Rammeplanen s.40).

ARBEIDSMÅTANE TIL BARNEHAGEN.

Arbeidsmåtene skal ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til medverknad. Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtene skal tilpassast det enkelte barn, barnegruppa og lokalmiljøet (Rammeplanen s.43).

- frileik
- veksling mellom spontane aktivitetar og planlagde aktivitetar
- teater
- humor/glede
- jobba med tema over fleire månader t.d kunstutstilling
- arbeid i grupper
- tverrfagleg arbeid
- undra oss med barna, filosofera.



Progresjon:

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikla seg, læra og oppleve framgang (Rammeplanen s. 44).

Det er viktig å sjå det enkelte barnet og leggja til rette for varierte måtar for leik, aktivitetar og læring. Me må ha utfordringar til alle barna, som er tilpassa deira erfaringar, kunnskapar, interesser og ferdigheitar. Me prøver å tenkja progresjon i barnehagekvardagen t.d. i lesegrupper. For dei minste barna 1-2 år brukar me peikebøker. Til litt eldre barn 3-4 år brukar me bilde og faktabøker og til dei største barna 5-6 år les me bøker med meir tekst og lengre handling. For å byggja oppunder handlinga i bøkene brukar me konkreta som barna og kan leika med. Då ser me at dei «leikar» eventyret me nett har lese, noko som igjen gjev dei betre forståing av boka.

Den digitale praksisen til barnehagen:

IKT, informasjons- og kommunikasjonsteknologi, har ein sentral plass i alle delar av samfunnet. Mange barn kjem til barnehagen med kunnskapar og erfaringar med dette. Barn vil prøva å forstå korleis ting fungerer, og me i barnehagen må støtta barna når dei er nysgjerrige og undrar seg.

Personalet skal bruka digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet for at barna skal oppleve at desse verktøya er produksjonsverktøy som kan hjelpa oss i kvardagen.

Dei digitale verktøya me brukar i barnehagen er:

- Fargeskrivar
- Lamineringsmaskin
- Digitalt kamera
- Nettbrett

Måten me brukar desse verktøya er t.d. når me går på tur. Barna kan ta bilete av noko dei synes er interessant og me skriv ut bileta og laminerar dei i barnehagen. Bileta brukar me i samtale og refleksjon med barna. Når barna prøver å setje ord på det dei ser på bileta, opplevingar rundt bileta, tankane og kjenslene sine, er dette med på å utvikla eit rikt språk. Desse bileta kan og vera eit ledd i eit tema/prosjektarbeid der me t.d. kan lage ein collage som me kan ha godt synleg på avdelinga. Dette er igjen eit godt utgangspunkt for undring og gode samtalar rundt tema. Når me har slik dokumentasjon lett synleg for barna, er det lettare for dei å sjå og huske denne spesifikke turen eller hendinga. Då kan barnet fortelja vidare til nokon som ikkje har vore med, og dei kan stilla spørsmål. Då vert denne hendinga meir tydeleg for barnet og dei lærer ved å gjenfortelja. Nettbrettet brukar me for å finne ut meir om eit tema. Me kan søkja opp faktaopplysningar, finna bilete og videoar. Me kan òg finna tal, bokstavar, songar og eventyr.

FAGOMRÅDA TIL BARNEHAGEN.

Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Leiken dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda (Rammeplanen s. 47).

Kommunikasjon, språk og tekst.

I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid (Rammeplanen s. 48).

I barnehagen vår vektlegg me å ha:

- gode leseopplevingar
- lesegrupper, små grupper der me les og samtalar
- høgtlesing
- song- og songleikar
- dikt
- rim og regler
- leik og rolleleik
- lytteøving t.d. øving på å få med seg beskjedar som vert gjevne i plenum
- skriving av bokstavar / namnet sitt

Kropp, rørsle, mat og helse.

Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt (Rammeplanen s.49).

Godt kosthald og god veksling mellom aktivitet og kvile er av betydning for å utvikla ein sunn kropp. Variert fysisk aktivitet både inne og ute er av stor verdi for utvikling av motorisk dupleik og kroppskontroll. Ein svært viktig arena for fysisk aktivitet og uteleik er skogen. Her får barna motoriske utfordringar, og me ser at det sosiale samspelet ofte fungerer betre i skogen der det er "høgt under taket" samanlikna med eit trøgt innemiljø.

Me har dei siste år fått midlar til vanntilvenning frå Gjensidige til dei eldste barna. Dette er eit opplegg som me er svært nøgde med. 6-7 barn reiser med 2 vaksne med «Badebussen». Dette er svært lærerikt, spennande og utviklande. Her lærer barna å ta ansvar for tingane sine, avkledding, dusje sjølv, påkledding og bli trygge i vatn. Barna får bade åtta gongar med instruktør. Me håpar å forsetja med dette opplegget framover.

Me får bruka kroppen vår mykje gjennom :

- turar i ulendt terreng/veg
- klatring i tre og på stein
- hinderløype
- orientering/skattejakt
- rulling på bakkane
- hopping/turning i høyet
- ridning på hest/fjøs gåing

- kvilestund
- ski/aking
- klatring på uteområdet vårt (steinen)
- bading i basseng og sjøen
- rafting i "Ådlandsriver"

Ved å vera mykje ute, blir barna glade
i å vera ute uansett ver og vind.

Kunst, kultur og kreativitet.

Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrslø og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk (Rammeplanen s. 50). Gjennom rike erfaringar med dette område vil barn få mange høve til sansing, oppleving, eksperimentering, skapande verksemd, tenking og kommunikasjon.

T.d. noko me gjer er :

- teikning, maling (på papir, snø, glas, kle o.l)
- utstilling av prosjekt / kunstutstilling i juni, med ulike tema
- ullutstilling, spinning, toving, veving
- høyra på musikk (spotify, fela, rockekonsert, toradar)
- spela på instrument, laga instrument
- dans (moderne, klassisk, songdansar)
- drama, utkledding
- barna får spela i samling og liknande
- vaksne kler seg ut
- teater gjennom heile året

I barnehagen brukar me ulike dramateknikkar i det daglege arbeidet. Dette kan vera dukketeater, rollespel og dramatisering. Me har og 3 teatermånader (oktober, november og desember). Då lagar me eit teaterstykk som me viser til andre barnehagar, besteforeldredag, Samnangerheimen, låvefest og liknande. Her er barna med på heile prosessen, planlegging, kostymelaging, rollefordeling og øving. Me har fokus på å gjera denne prosessen med ulike kostymer, ansiktsmaling og parykkar så lett som mogeleg for barna. Me begynner difor i det små med t.d. ei raud nase, så prøver me ein parykk osv. Me er og bevisste på korleis me brukar kroppen vår og stemma vår. Når me gjer det slik, har me sett stor progresjon hos barna, spesielt hos dei som kan vera litt sensitive.

Om våren har me kunstprosjekt. Me lagar kunst om eit tema over fleire månader og har tilslutt



kunstutstilling for foreldre, søsken og dagsenteret i løo. Før me begynner på kunstprosjektet har me av og til ein tur med dei eldste for å få inspirasjon, sjå og læra om kunst. På kunstutstillingane har me hatt ulike tema t.d solsystemet, former, indianarar og liknande. Då me hadde om indianarar delte me oss inn i ulike stammer og lærte om dei. Me laga tipiar, plakatar, drømmefangarar og ulike ting som indianarane hadde. På utstillinga kom små og store i barnehagen dansande inn som indianarar til indianarmusikk, og me fekk besøk av medisinmannen som spådde litt om framtida.

Natur, miljø og teknologi.

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientera seg og vera i naturen til ulike årstider (Rammeplanen s.52).

Naturen gjev rom for eit mangfold av opplevingar og aktivtetar til alle årstider og i all slags ver. Fagområdet skal bidra til at barna blir kjende med og får forståing for plantar og dyr, livssyklusen til mennesket, årstider og ver.

Noko av det me gjer på i barnehagen:

- går mange turar på ulike plassar
- miljøvern- plukkar boss, er bosspoliti på Aadland
- plukkar bær, nøtter, eple og plommer
- ser på spor-fotavtrykk, avføring
- følgjer årstidene ved å sjå på korleis naturen forandrar seg
- lærer barna om matproduksjon før og no, god kontakt med husdyra og ser kor maten kjem frå (fjøset og grønsakhage)
- undrar oss ilag og eksprimenterer, har tema fysikk og kjemi
- bruker kano, trøbåt, rafting i elva og fisking

Mengd, rom og form.

Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet (Rammeplanen s.53).

Barn er tidleg opptatt av tal og teljing, dei utforsker rom og form, dei argumenterer og er på jakt etter samanhenger. Gjennom lek, eksprementering og kvardagsaktivitetar utviklar barna sin matematiske kompetanse. Barna er nysgjerrige, kunnskapstørste og lærelystne. Det handlar om å stille spørsmål, resonnere, argumentere og søkje løysningar.

Matematikk finst overalt :

- teljing inne / ute
- ser på ulike former inne / ute

- i samlingsstunda
- i songar / bøker
- spela spel
- byggja med klossar / puter
- formingsaktivitetar
- laga mat
- måle-einingar

Etikk, religion og filosofi.

Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis me oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar (Rammeplanen s. 54).

I barnehagen:

- høve til undring, tenking, samtalar, forteljing og ro
- la barna få stilla spørsmål, ha respekt for barn si tru, spørsmål og undring
- læra barn å ha respekt for kvarandre og hjelp til å løysa konflikhtar
- dei vaksne må vera gode førebilete for barna
- få læra om liv og død (naturleg inn pga. fødsjar/ død i fjøset, nær kyrkja)
- innsikt i kristne høgtider og tradisjonar(advent/jul, bibel- forteljingar, kyrkjebesøk)
- evt. få kjennskap til andre livssyn som måtte vera i barnegruppa

Nærmiljø og samfunn.

Barns medverkna i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrse til nærmiljøet (Rammeplanen s. 55).

I barnehagen:

- brukar me heile området rundt Ådland
- er på "besøk" i dei gamle husa på garden og ser på gamle ting og lærer om tradisjonar
- er på kyrkjebesøk
- opptrer med teater på Samnangerheimen
- brukar biblioteket på Bjørkheim, prøver å gå 1 gong i månaden
- har Luciatog på Ådland
- tenkjer på likestilling mellom jentene og gutane, alle får vera med uansett kjønn
- fortel om endringar i lokalsamfunnet opp gjennom tidene

-forebyggjer mobbing og rasisme, ved å snakka mykje om dette med barna og gjennom rollespel og lesing

-ser på arbeidsplassar t.d. til foreldre og i nabolaget

Tilsette i Aadland gards- og friluftsbarnehage

Audhild Aa. Olsnes, 100 % barnehagelærer.

Gunhild Jacobsen, 100 % barnehagelærer.

Helene M. Foss, 80 % barnehagelærer.

Ragnfrid Aa. Olsnes, 100 % styrar og barnehagelærer.

Berit I. Kleivane, 80 % barne og ungdomsarbeidar.

May-Liss Fanebust, 60 % barne og ungdomsarbeidar.

Elisabeth H. Hauge, 40 % assistent.

Helga Hemre fast vikar.



Foreldrerepresentantar bhg. året 2024-2025: Irmelin Aa. Bjørkmo og Lillian H. Svendsen.
Vara: Sigurd A. H. Thieme.

Planleggingsdagar:

Barnehagen har 5 planleggings-/kursdagar i løpet av barnehageåret. I 2024-2025 er desse:

5. august, 1. november, 31. januar, 30. mai og 20. juni

Tema gjennom barnehageåret 2024-2025:

August: Tilvenning, vennskap (grønne tankar- glade barn) og trafikktryggleik.

September: Astrid Lindgren månad (lesa bøker o.l.).

Oktober: Bli kjent med dyra og gardslivet.

November: Teater.

Desember: Advent, jul og teater.

Januar: Gamle dagar, besøk i gamle hus og besøk frå gamle dagar. Avis.

Februar: Fargar og karneval.

Mars: Kroppen og førstehjelp.

April: Lemming, påske og grønsakshage.

Mai: 17. mai og kunst.

Juni og juli: Kunstutstilling og avis.

Meir utfyllande informasjon kjem på månadsplanen.



Godkjent 27.01.2025